



Heile familien Schwörer, saman med lærerinna, samla før avreise.

## Den seglende familien

**Denne veka var ein litt annleis familie innom Rosendal. Dei seglar jorda rundt, under FN sitt flagg, for å spreia kunnskap om klimakrisa.**

Det heile starta i 1999 då det sveitsiske ekteparet Dario og Sabine Schwörer ville segla rundt for å gå på alle dei høgste punkta på alle kontinenta. Dette ville dei gjera på fire år, for å slå verdsrekorden. Tilfeldigheitene styrte dei innpå ei litt anna ferd.

### Seks born, seks land

Dario, som er klimatolog og internasjonal ski- og fjellguide, byrja å halda offentlege talar i landa dei

vitja, samt besøka skular for å halda føredrag og engasjera ungdom til å ta vare på planeten. «TOP to TOP Global Climate Expedition» vart skipa.

– I tillegg har vi respekt for naturen, så vi legg ikkje utpå i allslags vær. Vi ventar til naturen inviterer. Og så fekk vi jo eigne born, så det sinka rekordforsøket òg, kan du seia, smiler Dario.

No har dei segla i 20 år. Og fått seks born.

– Salina er 14 år og eldst. Ho vart fødd i Patagonia. Andri er 12 og fødd i Chile, Noé på 10 er fødd i Australia, Alegra er 8 år og fødd i Singapore, så har vi Mia på 4 som faktisk er fødd i Sveits, men det var litt tilfeldig, for eg øydela akillessen

og måtte operera. Sjukehusopphaldet tok lenger tid då eg nesten mista beinet grunna ein feil dei gjorde, så då vart Mia fødd i Sveits, smiler Dario, og held fram:

– Så har vi minstemann Vital på 2 år. Han er fødd på Island.

Det vil seia at alle seks borna er oppvaksne i seglbåten og fødd i seks ulike land. Grenda sin utsende vart så paff at spørsmålet om statsborgarskap aldri vart stilt.

### Greta Thunberg inviterte

Til no har dei besøkt over 100 land og møtt over 135.000 studentar.

– Vi prøver å nå fram med bodskapen om at vi må respektera naturen meir. Ekspedisjonen demonstrerer at store mål og framgang kan

nåast i balanse med naturen, fortel Schwörer.

I tillegg til alle fjellturar og føredrag, tek dei vassprøvar undervegs som dei sender inn for å måla nivå av radioaktivitet og mikroplast. Ekspedisjonen deira er støtta av FN sitt United Nations Environment Program (UNEP), og i 2015 deltok Dario på COP21, der Parisavtalen vart danna.

– Vi vart inviterte med til New York no av Greta Thunberg, men vi fekk det ikkje til fordi båten vår måtte reparerast etter ein storm. Eg kjenner at eg er litt glad for det no. Greia til Greta er annleis enn vår. Eg trur ikkje det er så lurt å gå til angrep og klandra folk. Eg trur ein må tilnærma seg på ein meir positiv